

Hanna Sætre Austrheim
Njøtevegen 24
5943 Austrheim

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/51 - 40 / BBBDato:
17.11.2023

Referat frå møtet i SU/skulemiljøutvalet

Møtedato	17.11.2023
Møtestad	Årås skule
Desse møtte	Hanna Sætre Austrheim(elevrådet), Julie Johansen Isene(elevrådet),Solfrid Gjerde Skoge(elevrådet), Margunn Krossøy Fredheim(SFO),Monika Thorpe(politisk vald),Rannveig Lohne(rådgjever og sosiallærer),Tom Hjelmtveit(FAU-leiar), Trude Bertelsen(PTV-UDF) og Bodil Boie Brekkan(rektor).
Forfall	Marianne Leirvåg(PTV-Fagforbundet)

Saker til handsaming

- **Handsaming av framlegg til skuleruta for 2024/2025**
FAU har saman med skule sendt inn høyringsuttale. På grunn av at møtet i SU vart utsett tre gongar, måtte saka om framlegg til uttale om skuleruta sendast før møtet i SU, fordi fristen for å gi uttale har gått ut. Nokre foreldre ønskjer oppstart med heil veke for elevane om hausten. Elevane ønskjer å ha oppstart med to dagar. Personalet ønskjer å halde fram med at dei har tre planleggingsdagar første veka.
- Informasjon om SU som rådsorgan
Rektor orienterte om SU som rådsorgan og kva type saker som høyrer heime der.
- **Gjennomgang av orden og åtferdsreglementet**
Reglementet må oppdaterast i høve til ordval og gjeldande praksis.
Representantane i SU, og personalet på Årås skule kjem med forslag til endringar til neste møte i SU i 2024. Elevrådsrepresentantane arbeider med dette i elevrådet.
Rektor tar kontakt med IKTNH vedkomande stenging av tilgang til ein del nettsider og chat på Teams.
- **Oppgradering ute og inne på Årås skule**
Årås skule er ikkje godkjend på grunn av inne- og utemiljø for elevane. Det er gjort utbetringar i D-blokka. Vi har fått eit flott musikkrom. Naturfagrommet er overflatebehandla, men det må gjerast meir med rommet. Det er framlegg om å setje av



720 000 kvart år i tre år framover til oppgradering av inventar for elevar og tilsette. Ein reknar med å halde fram drifta av Årås skule på same nivå som inneverande skuleår. Det er gjort framlegg om å bruke 4 800 000 på uteområdet i 2024.

FAU har sendt budsjettinnspel på behov for eit oppgradert uteområde og skulebøker til elevane på Årås skule.

- **Elevmiljøet på Årås skule**

Rektor orienterte om foreldremøtet som vart halde på samfunnshuset 9.november for foreldre og føresette på ungdomstrinnet. Veldig godt fram møte. Rektor orienterte om kva som skjer i elevmiljøet og at ein er avhengig av eit godt og forpliktande samarbeid mellom elevar, føresette, tilsette og hjelpe- og støtteapparatet i kommunen.

Elevrådsrepresentantane meinte at ein del av den åtferda som vart påpeikt på foreldremøtet er dempa, men at det framleis er stygg språkbruk. Rektor orienterte FAU om kva tiltak skulen har sett og kan setje i verk. Veldig positivt med MOT-prosjektet og at skulen har fått miljørettleiar.

Rektor meiner at dei føresette må kunne kontrollere/sjekke mobiltelefonane til sine barn.

Vi har utfordringar på 1.-4.trinn med upassande språkbruk.

Det er ønskje om at dei føresette som har elevar frå 1.-4.trinn at dei får informasjon om utfordringar snarast mogleg, slik at dei kan rettleie sine barn.

Det er ønskje om foreldrerettleing for heile foreldregruppa.

- **Ønskje om lukka dusjbåsar i Austrheimhallen frå elevrådet**

Rektor har sendt ønsket vidare til overleggande nivå.

- **Eventuelt**

Rektor orienterte om høyring på temaplan oppvekst, sjå vedlegg, som har frist for tilbagemelding 8.desember 2023. Elevrådsrepresentantane handsamar denne i elevrådet.

Den politiske representanten melde frå om at dette var hennar siste møte i SU. Nytt politisk medlem vert vald i desember. Takk til Monika Thorpe som engasjert deltakar av SU i mange år.

På neste møte i SU/skulemiljøutvalet 31.01. 2024 skal følgjande saker handsamast:

Innspel orden- og åtferdsreglementet, resultat nasjonale prøver, resultat elevundersøkinga, elevmiljøet og vedteke budsjett for 2024.

Med helsing

Bodil Boie Brekkan
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Forskrift om ordensreglar for Årås skule
Oppvekstplan siste utgåve

Kopi til:

Connie Tveit Lunde

Høgeberget 31

5943

Austrheim

Mottakere:

Hanna Sætre Austrheim	Njøtevegen 24	5943	Austrheim
Julie Johansen Isene	Austrheimsvegen 839	5943	Austrheim
Margunn Krossøy Fredheim	Langøyyna 25	5943	Austrheim
Monika Thorpe	Blomhaugane 46	5943	Austrheim
Rannveig Lohne	Rebnor 35	5943	Austrheim
Solfrid Gjerde Skoge	Høgeberget 58	5943	Austrheim
Tom Hjelmtveit	Baløyvegen 274	5943	Austrheim
Trude Bertelsen	Hopsvågen 80	5955	Lindås